




VINJE
Oppvekst

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I VINJE KOMMUNE

Vedteke i Kommunestyret 15.12.2022



1. FORMÅL

Barnehagen skal gje barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne. Saman med heimen skal barnehagen skape eit godt miljø som sikrar barnet individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, læring og etisk rettleiing. Barnehagen skal vera ein del av bygdemiljøet og ta vare på kulturverdiane i bygda, talemål, sed og skikk. Nynorsk målform skal så langt som råd nyttast i songar og litteratur.

Verksemda skal byggje på dei etiske grunnverdiane som er forankra i Lov om barnehagar, § 1. lyder slik :

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillitt og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrende og trygt sted for felleskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Årsplanar / planar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal bli lagt fram for foreldrerådet og fastsett i samarbeidsutvalet.

2. EIGARTILHØVE OG VIRKEOMRÅDE

Vinje kommune eig og driv Edland barnehage, Åmot barnehage, Rauland barnehage og Øyfjell oppvekstsenter, som til saman kallar seg Vinjebarnhagen. Vinjebarnhagen ligg administrativt under oppvekstansvarleg i Vinje kommune.

3. GRUNNLAG FOR BARNEHAGEDRIFTA

Dei kommunale barnehagane blir drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, rammeplanen for barnehagane og kommunale vedtak.

Barnehagane skal ha eit samarbeidsorgan i samsvar med Lov om barnehagar.

Kommunestyret, eller den kommunestyret gjev mynde til, fører tilsyn med verksemdar som er regulerte etter Lov om barnehagar., jf. §7 om vedtekter.

4. FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er sett saman av alle foreldre/føresette i barnehagen.

Samarbeidsutvalet er sett saman av tilsette og foreldre, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar skal delta, men ikkje med fleire representantar enn kvar gruppe av dei andre.

Oppvekstsenteret har felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

5. SØKNAD OM Plass

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn.

Søknad om barnehageplass skjer på elektronisk skjema som ein finn på heimesida til kommunen.

Søknadsfristen er 1. mars.

6. BARNEHAGETILBODET

Vinje kommune gjev følgjande barnehagetilbod frå den månaden barnet fyller 1 år og oppover :

Edland barnehage 1-5 år, 3, 4 eller 5 d/v

Åmot barnehage 1-5 år, 3, 4 eller 5 d/v

Rauland barnehage 1-5 år, 3, 4 eller 5 d/v

Øyfjell oppvekstsenter 1-5 år, 3, 4 eller 5 d/v

Opningstid er for tida kl. 06.45 – 17.00.

7. OPPTAK

Hovudopptaket skjer på våren. Tildelt plass gjeld fram til skulestart, evt fram til oppseiing eller ein søknad om endring. Barn som fyller 1 år innan utgangen av november, har rett til barnehageplass i kommunen dei bur.

Det blir gjort suppleringsopptak gjennom heile året, dersom det er ledige plassar.

Ut over lovfesta rett til barnehageplass blir følgjande kriterium lagt til grunn:

Barn med nedsett funksjonsevne, jf.§13 i Lov om barnehagar og sakkunnig vurdering.

Barn som det er fatta vedtak etter lov om barnevernstjenester §§4-4 og 4-12.

Barn som fyller 5 år inneverande år.

Eldre barn får plass fremfor yngre.

Av pedagogiske og sosiale grunnar skal verksemdsleiar også ta omsyn til barnegruppa si samansetjing i det heile, t.d. alder, kjønn og kontinuitet.

Om søkjar vil klage på avgjerda om barnehageplass, skal klaga sendast til kommunen innan 3 veker. Avgjerdsrett ved søknad om opptak er delegert frå rådmannen til verksemdsleiarane av barnehagane. Saka vil då måtte opp administrativt før ho går til klagenemda for endeleg avgjerd.

Dersom det er ledig plassar etter hovudopptaket er avslutta, kan opptak av barn frå andre kommunar bli vurdert. Foreldre må då søkje sin heim kommune fyrst og oppvekstansvarleg må kontakte kommunen for avklaring. Gjeld for 1 år om gongen.

Ein må taka i bruk tildelt plass innan ein måned, elles fell retten til plass bort.

8. BETALING

Stortinget fastset kvart år maksimalpris for plass i barnehage. Prisen gjeld for heildagstilbod. Maksimalprisen fordelast på 11 månader, der juli er betalingsfri.

Foreldrebetalinga blir vedteke i samband med budsjetthandsaminga i kommunestyret og fylgjer statlege vedtak og føringar.

Foreldre kan søkje på 10 mnd tilbod. Ved 10 mnd tilbod følgjer barnet skulens feriar i jol-, påske- og sommarferien. Betaling i barnehage skal ikkje overstige maksimalpris vedteken av direktoratet.

Betaling for mat er til sjølvkost, men kjem i tillegg til foreldrebetalinga.

Det er 50% Syskjenmoderasjon frå og med det andre barnet. Ved moderasjon skal ein sjå barnehage og SFO under eitt. Dette gjeld også i feriar. Syskjenmoderasjon gjeld ikkje matpengar.

Redusert betaling og gratis kjernetid:

Betaling for barnehagetilbodet følgjer statens retningsliner i høve redusert betaling, gratis kjernetid og syskjenmoderasjon. Føresette som søkjer inntektsregulert betaling må sende elektronisk søknad.

Om begge foreldre er deltakarar i fulltidstilbod under vaksenopplæringa, som til dømes introduksjonsordninga, har dei rett til gratis barnehagetilbod. Dette er eit integreringstiltak som vert dekt av integreringsmidlar.

Kjøpedagar er tilbod til barn som allereie har barnehageplass. Det blir fakturert pr dag + mat.

Dersom ein ikkje fullt ut nyttar den tida ein har fått, må ein likevel betale for det tilbodet ein har takka ja til.

Plass som etter ein måned ikkje blir nytta utan at det ligg føre grunn, går attende til barnehagen og kan fordelast til andre barn. Manglande betaling kan føre til at plassen blir oppsagt. Blir ikkje barnet henta innan stengetid, blir kvar påbyrja time fakturert me 300,- for å dekkje overtidsbetaling til tilsette.

Endringar i takstsystemet blir prisindeksjustert i januar.

9. OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

Plassen i barnehagen kan seiast opp frå siste dag i månaden.

Oppseiingstida er 1 måned. Oppseiinga skal skrivast elektronisk (i Visma appen) eller skrifteleg.

10. FERUAR

Barnehageåret tek til når nytt skuleår startar om hausten (august måned). Barnehagane er stengde jole-og nyårseftan, onsdag før skirtorsdag etter kl.12.00 og alle helge-og høgtidsdagar.

Barnehagane er stengt to veker i juli, i Edland, Åmot og Øyfjell. Ingen stenging i Rauland barnehage. I tillegg kjem 5 dagar pr. år som er sette av til planlegging og samarbeid for tilsette. Barna skal ha 4 veker ferie pr. år. 3 veker skal vere samanhengande.

11. ARELAUTNYTTING

Vinje kommune har følgjande norm for arealutnytting :
4 m² over 3 år og 8 m² for barn under 3 år.